



## **Informasjon til deg som blir testa for covid-19**

Du blir testa fordi du har symptom som kan gje mistanke om covid-19. Prøva blir tatt frå svelget og djupt i nasen. Den blir sendt vidare til sjukehuset for analyse. Du får svaret så snart testen er ferdig, etter ca 1-2 dager, ved å logge deg inn på [helsenorge.no](https://helsenorge.no). Dersom testen er positiv vil du også få telefon fra legekontoret.

**Fram til du får testresultatet, må du halde deg heime (ikkje gå på arbeid, butikk, besøk o.l.). Du bør halde avstand til andre i heimen.**

Dei du bur saman med er ikkje i karantene, men skal følgje med på eigen helse. Dersom dei får symptom, skal dei halde seg heime og ta kontakt med lege for å vurdere om dei skal testast.

Dersom testen viser at du ikkje er smitta med koronavirus, kan du tilbake til vanleg aktivitet når du er symptomfri. Barn under 10 år kan gå tilbake til barnehage og skule når allmenntilstanden tilsei det. Men husk god hoste- og handhygiene.

Dersom testen viser at du er smitta med koronavirus, må du vere isolert i minst 3 døgn etter at du er symptomfri. Dette vil du få meir informasjon om når testresultatet kjem.

Vanlegvis gjev covid-19 milde luftvegssymptom som kan vere vanskeleg å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar. Av og til kan covid-19 gje alvorleg sjukdom. Det er difor viktig at du følgjer med på symptoma og kontaktar lege dersom du blir dårlegare.

**Kommunelegekontoret i Sula: 70199160:**

**Legevakt: 116117**

**Ambulanse: 113 (ved akutt og alvorleg sjukdom)**

Inne på [helsenorge.no](https://helsenorge.no) eller [Fhi.no](https://fhi.no) vil du til ei kvar tid finne oppdatert informasjon. På Sula kommune si heimeside vil du også finne meir informasjon om kva som skjer dersom testen er positiv.



## **Nærkontakte som utviklar symptom**

### **Informasjon til deg som er i karantene og blir testa for covid-19**

Du blir testa fordi du har vore utsett for smitte, og har fått symptom som kan gje mistanke om covid-19. Prøva blir tatt frå svelget og djupt i nasen. Den blir sendt vidare til sjukehuset for analyse. Du får svaret så snart testen er ferdig, etter ca 1-2 dagar, ved å logge deg inn på helsenorge.no. Dersom testen er positiv vil du også få telefon fra legekontoret .

**Fram til du får testresultatet, skal du vere i isolasjon. Du skal ikkje gå ut av heimen og ikkje vere i kontakt med andre personar.** Du skal halde heilt avstand til dei andre i heimen. Bruk eige rom og bad dersom det er mogleg. Vask overflater hyppig. Det er anbefalt at dei du bur saman med (og tilsvarande kontaktar, t.d. partnar) er i karantene, sjå eigen informasjon om dette.

Dersom testen viser at du ikkje er smitta med koronavirus, kan du tilbake til vanleg aktivitet etter at karantenetida er over og du er symptomfri.

Dersom testen viser at du er smitta med koronavirus, må du vere isolert i minst 3 døgn etter at du er symptomfri. Dette vil du få meir informasjon om når testresultatet kjem.

Vanlegvis gjev covid-19 milde luftvegssymptom som kan vere vanskeleg å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar. Av og til kan covid-19 gje alvorleg sjukdom. Det er difor viktig at du følgjer med på symptoma og kontaktar lege dersom du blir dårlegare.

**Kommunelegekontoret i Sula: 70199160**

**Legevakt: 116117**

**Ambulanse: 113 (ved akutt og alvorleg sjukdom)**

Inne på helsenorge.no eller Fhi.no vil du til ei kvar tid finne oppdatert informasjon. På Sula kommune si heimeside vil du også finne meir informasjon om kva som skjer dersom testen er positiv.